



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Bakken Barnehage

Dato: 18. mai 2017

Tid: Ca. kl. 18.00

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Møtet startar med orientering og omvisning i barnehagen kl. 18.00. Saksbehandlinga tek til kl. 18.30.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar <u>N.B. Ord for dagen</u>
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten

Fitjar, 12. mai -2017

Harald Rydland

Helga Olsen Aadland

Kyrkjeverje

Soknerådsleiar

Sakliste:

Saksnr.

- S-17/17 Konfirmant- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, temadrøfting
 - S-18/17 Gudstenesteliste 2.halvår 2017
 - S-19/17 Offerliste for 2. halvår 2017
 - S-20/17 Arrangement i kyrkja sin regi
 - S-21/17 Godkjenning av referat
 - S-22/17 Meldingssaker
 - S-23/17 Open post
-



Sak 17/17: Konfirmant- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden

Arbeidutvalet i soknerådet har ynskje om at soknerådet tek ei brei drøfting om korleis ein bør driva konfirmant- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Soknerådsleiar Helga Olsen Aadland skriv slik om bakgrunnen for at saka vert teken opp til drøfting:

Fitjar sokneråd har eit ynskje om å ha eit godt ungdomsarbeid i bygda vår. Organiseringa har vorte endra dei siste åra. Det har heile tida vore fokus på konfirmasjonsundervising. Før har kyrkjelydsprest vore sterkt engasjert i KRIK. No har soknerådet og Fitjar Indremisjon inngått eit samarbeid om Ten-treff på bedehuset på fredagskveldane. Her kan ungdommar frå 8.klasse komma. Det er andakt, mat, leik og sosialt samver. I juni vert trusopplæringstiltaket Ung tru prøvd for første gong. Soknerådet ønskjer å få ei orientering om korleis tiltaka fungerer i dag, og ha ein samtale om korleis arbeidet skal vera framover.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 18/17: Gudstenesteliste 2. halvår 2017

Soknepresten har laga framlegg til gudstenesteliste for 2. halvår 2017. Lista ligg som vedlegg til innkallinga. Det vil verta orientert nærare om lista på møtet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til gudstenestelista for 2. halvår 2017 slik den ligg føre.

Sak 19/17: Offerliste for 2. halvår 2017

Soknepresten har laga framlegg til liste for kyrkjeoffer for 2. halvår 2017. Lista ligg som vedlegg til innkallinga. Det vil verta orientert nærare om lista på møtet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til lista over kyrkjeoffer for 2. halvår 2017 slik den ligg føre. Ordninga med at kyrkjelyden sjølv skal ha 10 % av alle kollektar som vert teke opp til andre organisasjonar held fram.

Sak 20/17: Arrangement i kyrkja sin regi

I næraste framtid er det fleire arrangement i kyrkja sin regi som skal gjennomførast, m.a. ulike jubileumsarrangement og gudstenester. I fjor var det friluftsgudsteneste i Vistvik på sommaren. Er det noko ein bør gjenta i år og kor skal det i så fall vera? Det er bra om soknerådet går gjennom status for planlegging og gjennomføring av arrangementa. Det kan og vera greitt om soknerådet tek ein kort gjennomgang av arrangement som har funne stad den siste tida.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.



Sak 21/17: Godkjenning av referat

Utkast til referat frå soknerådsmøte den 30. mars har sekretæren sendt ut i eigen e-post tidlegare. Det er fint om medlemene kan lesa gjennom referatet og komma med evt. merknader før det skal godkjennast i møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 30. mars 2017.

Sak 22/17: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Søknad til kommunen om større tilskot
2. Plassering av gammalt kyrkjeinventar

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 23/17: Open post